

Eit språkpolitisk tilbakeblikk

Foredrag på Vinterseminaret til Noregs Mållag, Bryne, 11.–12. februar 2017

Manus (ikkje fullstendig eller reinskrive). Sjå også lysarka i presentasjonen.

Oddmund L. Hoel

«Partipolitisk språkhistorie» er emneknaggen for denne innleiinga, men eg varslar straks at eg ikkje kjem til å seie så mykje om partiprogramma. Sett på spissen: Formuleringane i partiprogramma er ikkje særleg viktige for kva språkpolitikk partia faktisk fører på Stortinget og i regjering. OK, det er å ta hardt i, og målrørla må sjølv sagt engasjera seg i programprosessane i partia med mål om å få inn sterke og best mogleg formuleringar om nynorsk. Ein må til ei kvar tid delta i den kampen som går, ikkje venta på den neste.

Tilnærminga mi til «politikk» i det historiske tilbakeblikket eg er beden om å gje, er breiare enn både partiprogramma og partia. Dei sentrale språkpolitiske skiljelinene går korkje historisk eller i dag fyrst og fremst mellom partia, men gjennom dei. Difor er det viktig i eit valår plassera målspørsmålet i eit større politisk bilet historisk, og det er det eg har tenkt å bruke tida på her. Eg ser det ikkje som min jobb å gje veldig konkrete råd og retningsliner om kva NM bør ta seg til, men heller å yta eit tilskot til ein bakgrunnsanalyse som i beste fall kan ha ein viss nytteverdi. Meir enn å snakka om språkpolitikk i snever forstand trur eg det kan ha noko føre seg å prøva å forstå den politiske situasjonen som språkpolitikken no skal formast innanfor. For no skjer det litt av kvart både i Noreg og i verda rundt oss. Eg kjem elles ikkje til å anstrenga meg for å halda nokon akademisk distanse eg har drive og driv både med målpolitikk og partipolitikk.

Då målsaka kom inn på den rikspolitiske arenaen i 1870- og 80-åra, var det etter reinskorne partiliner på ei tid der det berre fanst to parti – Venstre og Høgre, både skipa i 1883/84. Jamstillingsvedtaket i 1885 vart vedteke med 78 Venstre-røyster medan eit samla Høgre og to Venstre-representantar røysta imot. Dermed vart det biletet etablert som sidan har stått sterkt: Venstre og dei seinare sentrumspartia som nynorskpartia og Høgre som riksmålspartiet. Målsaka var ei samlande symbolsak for Venstre, som året før hadde gått sigrande ut av den opprivande riksrettsstriden om statsmakta og nedkjempa embetsmannsregimet. Kulturfronten mot dei konservative kom talande til uttrykk i mai 1886. Jarnbanekomiteen hadde skrive komiteeinnstillinga om ei ukontroversiell jarnbanesak på landsmål – det var første gongen det hende. Språkvalet vekte ein lengre debatt i Stortinget som kravde namneopprop under røystinga. Salen kløyvde seg fint etter Høgre/Venstre-skiljet med unntak av tre Venstre-utbrytarar. Neste sak på saklista var det opprivande spørsmålet om diktarløn til Alexander Kielland, som var ei av fleire vanskelege saker for Venstre den dagen. Venstre-historikar Leiv Mjeldheim kommenterer turt at «Steget var ikkje langt frå symbolsk samling til kløyvande kulturstrid i Venstre».

Men det skulle raskt røyna på i målspørsmålet òg, på både sider i politikken. Eit årstal mange kanskje hugsar, er 1892 då Stortinget vedtok «målparagrafen» i folkeskulelovene – den banebrytande regelen som opna for at skulestyra kunne innføra landsmål som opplæringsmål i skulekrinsen etter rådgjevande folkerøysting. Folkeskulelovene var ei av Johan Sverdrup og Venstre sine fansaker, og dei vart vedtekne i 1889, men målparagrafen altså ikkje før i 1892, og det var fordi avskalinga i Venstre då var så stor at det ikkje vart fleirtal for målparagrafen i 1889.

Målrørsla sette sin lit til Venstre, og det store målmannsstemna i februar 1906 der Noregs Mållag vart skipa, vart halde i Kristiania dei to dagane før Venstre skulle ha sitt landsmøte nettopp med det føremålet å få Venstre til å programfesta sidemålsstilen i gymnaset. Det er vel det beste dømet me har på at eit partiprogram har vore viktig. Venstre tok saka, og året etter – i 1907 – vedtok Stortingsfleirtalet obligatorisk sidemål i gymnaset.

Målfolka hadde kalla inn til målmannsstemna i 1906 fordi ein ikkje seg trygg på Venstre og ville leggja sterkest mogleg press på partiet. I 1896 hadde framleggset om obligatorisk sidemål falle i Stortinget nettopp fordi for mange i Venstre braut ut og røysta mot. I 1906/07 gjekk det bra, men røystinga viser at det ikkje berre var Venstre som no sleit med målsaka. Det framleggset som til slutt vart vedteke i Stortinget i 1907, vart slett ikkje gjort etter reinskorne partiliner.

Høgre var altså nesten delt på midten, og mindretalet i Venstre (11 repr) var mest likestort som mindretalet i Høgre (13 repr).

Høgre prøvde dei neste åra å blankpussa den språkpolitiske profilen sin, og språkstriden i åra før første verdskrigen er den hardaste Noreg har opplevd. Til stortingsvala i 1909 og 1912 stilte Høgre med ei programformulering som sa at «Partiet ser i riksmalet grundlaget for vor fremtidige sprogudvikling». Riksmålsrørsla hadde organisert seg, først i 1899 og igjen med større kraft i 1907, og Norsk Rigsmaalsforening hadde vunne størst innpass i Høgre slik målrørsla hadde vunne størst innpass i Venstre. I valkampen i 1909 køyrd Høgre særleg på to saker: mot konsesjonslovene som Venstre nyleg hadde fått på plass, og mot alle lover som gav nynorsk ein posisjon som offisielt språk. Sprengkrafta i målspørsmålet kom til uttrykk både gjennom masseslagsmålet i Oslo under opninga av Det Norske Teatret i 1913 og i den einaste regjeringskrisa i Noreg til no som er utløyst av målspørsmålet.

Statsminister Wollert Konow frå Fana, gamal folkehøgskulemann, vart etter valet i 1909 statsminister for ei koalisjonsregjering av Høgre og det nyskipa Høgre-utbrytar-partiet Frisinnede Venstre, som Konow representerte. Regjeringa baserte seg på å feia nokre vanskelege spørsmål under teppet, og Konow ville ikkje røra språklovene som Høgre hadde gått til val på å få endra. Trondhjems Konservative Forening kravde hausten 1910 ekstraordinært landsmøte i Høgre for å få klargjort partiet si stode i språkpolitikken – det vart det ikkje noko av – og sommaren 1911 vart det nesten regjeringskrisa på konsesjonslovene som Konow og bygdeinteressene på høgresida heller ikkje var så veldig imot. Då statsminister Konow på årsmøtefesten i Noregs mållag 28. januar 1912 sa at «maalsaken har været den sak, som sterkest har baaret det norske folk frem i det sidste halve hundredaar», var begeret fullt. Høgre trakk seg frå regjeringa, og den andre fløya i partiet, det industrivenlege by-Høgre, fekk det som ho ville då deira mann Jens Bratlie vart statsminister.

Riksmålsaktivistane i Høgre kunne jubla, men ikkje lenge. Då Jens Bratlie den 20. februar skipa ei ny samlingsregjering av Høgre og Frisinnede Venstre, tilfredstilte han bygde- og vestlandskreftene i koalisjonen med å gjera sogningen og målmannen Edvard Liljedal til kyrkle- og undervisningsminister, altså ein av hovudpersonane bak jamstillingsvedtaket i 1885. Han la det neste året eit effektivt lok på alle freistnader frå riksmåls-Høgre på å svekkja språklovgjevinga. Høgre stilte til val att hausten 1912 med riksmålposten i programmet, men så vart han stroken til dei neste vala.

Eg brukar litt tid på desse hendingane for 100 år sidan fordi dei seier mykje om målspørsmålet si rolle i norsk politikk. Bakteppet skal me ikkje gløyma – dette var den sterkeste framgangsperioden i soga til nynorsken. I åra fram mot 1920 vart språkskiftet til nynorsk fullført på delar av Vestlandet, som Sogn og Fjordane. Vidar var målkløyvinga konsolidert som ei by–land-kløyving. Ingen grenser skilde så tydeleg mellom nynorsk og bokmål som grensa mellom bykommunar og landkommunar.

Det høgrestrategane så inderleg godt visste, var at eksistensen til Høgre som eit stort demokratisk konservativt folkeparti låg i å ha appell både til byane og bygdene, der særsla mange veljarar framleis budde, og i alle delar av landet. På Vestlandet gjekk dette bra ei stund, også i landdistrikta. Høgre og støttepartia gjorde det godt både i Sogn og Fjordane, Hordaland og ikkje minst Rogaland. I vestlandsbygdene var språkskiftet til nynorsk i full gang, og mange i Høgre, og ikkje minst dei konservative bygdeveljarane, støtta målsaka. Representantane frå dette Høgre-segmentet røysta for sidemålsstilen i 1907, og Vestlands-Høgre reserverta seg mot riksmålspunktet i partiprogrammet i 1909 og 1912. Men no byrja det òg å røyna på – konsesjonslover, fråhaldsspørsmålet, jordbrukspolitikken og målspørsmålet var saker der det liberalistiske by-Høgre kom på kant med bygdeveljarane, og det var stortingsvala kring fyrste verdskrigen som verkeleg gjorde Venstre til det store bygdepartiet på Vestlandet.

Jens Bratlie, Høgre sin statsminister frå 1912, hadde eit klart syn på kva som var viktig og ikkje. Regjeringssjefen såg det uheldige i at målspørsmålet «overskygger de aller fleste politiske Spørsmål» og meinte det no fanst langt viktigare ting å ta seg til i politikken: Det var å byggja opp ein fast borgarleg front mot den veksande arbeidarrørsla og sosialismen. Arbeidarpartiet kom inn på Stortinget fyrste gong med fire representantar frå Nord-Noreg i 1903, hadde sterkt vekst i oppslutnaden og fekk sitt verkeleg store gjennombrot etter fyrste verdskrigen.

Regjeringssjef Bratlie formulerte her det som framfor nokon **Stein Rokkan** har sett på omgrep – sosiologen som var sentral i grunnlegginga av norsk valforsking. Rokkan analyserte norsk politisk historie etter eit knippe konfliktlinjer eller dimensjonar som han samla i to aksar. Det baserer seg på at under enkeltsakene finst det nokre meir stabile ideologiske grunnmönster som styrer synet på enkeltsaker og partival.

Den territorielle/kulturelle aksen har konfliktlinjer som by–bygd og sentrum–periferi, og sosiokulturelle, som mellom «akademisk utdannede ‘europeiserte’ embetsmenn og patrisiere i byene og de stadig mer statusbevisste, artikulerte og nasjonsorienterte bøndene i landdistrikta og deres avkom i de voksende byene», som Rokkan skriv. Det gjeld altså særleg det som kan knytast til nasjonsbyggingsprosessen og religiøse spørsmål. Striden om diktarløn til Alexander Kielland er eit godt døme på at konfliktlinja gjekk tvers gjennom Venstre og har ført til partikløyvingar ved fleire høve – Moderate Venstre i 1888 og Krf i 1933. (jf. fritenkjaren Arne Garborg mot Edvard Liljedahl).

Den andre aksen er den funksjonelle/økonomiske, som i norsk samanheng dukkar opp som interessebaserte konfliktlinjer skapt av den økonomiske moderniseringa, særleg industrialiseringa. Konfliktlinja på arbeidsmarknaden går mellom arbeidsgjevarar og arbeidstakrar – her kjem altså den veksande arbeidarrørsla inn. Og til denne aksen høyrer òg konfliktar i varemarknaden – særleg mellom primærnæringane på eine sida og bynæringane på hi, og mellom produsentar og forbrukarar. Arbeidarpartiet sitt store gjennombrot kring fyrste verdskrigen var uttrykket for at konfliktlinja på arbeidsmarknaden vart viktigare, skipinga av Bondepartiet i 1918, var uttrykket for at konfliktlinja på varemarknaden vart viktigare (kornspørsmålet). Bondepartiet fekk sterkt tilslutnad av folk både frå Venstre og Høgre som var misnøgde med landbrukspolitikken til dei to partia, utløyst av forsyningsproblema under fyrste verdskrigen.

Seinare, og særleg sidan 1970-åra, har valforskarane lagt til eit par konfliktlinjer, som vekst–vern (miljø) og innvandring, u-hjelp og lov/orden. Men i prinsippet er modellen den same.

Det som skjedde i åra kring fyrste verdskrigen, var at dei funksjonelle/økonomiske aksene vart viktigare på kostnad av den funksjonelle/økonomiske – det er den akademiske måten å seia det på at målspørsmålet vart mindre viktig i politikken. Difor ville Jens Bratlie frå industri-Høgre tona ned riksmålsprofilen til Høgre. Det mest legendariske sitatet frå arbeidarrørsla tek me i original. (sitat).

Her uttrykkjer Drammens-redaktøren Torgeir Vraa to viktige ting: målspørsmålet må tonast ned til fordel for dei sosiale spørsmåla, men han vil òg få sagt at han er målmann, og det var han. Arbeidarpartiet var, med unntak av riksmålmannen Alfred Eriksen, temmeleg konsekvent å finna på den nynorskvenlege sida i Stortinget gjennom desse tiåra. Apropos samejubileet denne veka: Attåt Torgeir Vraa var det samepolitikaren Isak Saba som støtta målsaka sterkest i Ap-gruppa på Stortinget desse åra.

Det synet at målspørsmålet måtte visast til ein mindre viktig plass i politikken, fekk fleire konsekvensar. Det eine er samnorskpolitikken. Det var nettopp dei to partia som er sterkest knytt til den økonomisk/funksjonelle aksjen, Arbeidarpartiet og Bondepartiet, som først og sterkest gjekk inn for samnorskpolitikken i von om at dette var ein grei måte å løysa språkstriden på. Venstre og Høgre var mest imot. Men Ap var òg gjennomgåande eit støtteparti for målrørsla.

Den andre langsiktige konsekvensen av at den økonomisk/funksjonelle aksjen kom i framgrunnen på kostnad av den territorielle/kulturelle, var ein sterk stabilitet i dei språkpolitiske ordningane. I 1907 kravde Riksmålsforbundet med Bjørnson i spissen at det måtte haldast ei folkerøyning for å avgjera ein gong for alle om riksmål eller landsmål skulle vera nasjonalmål i landet. Til slutt vart saka lagt vekk av Stortinget utan debatt i 1915. Jens Bratlie og dei dominante kretene i Høgre ville samla partiet i kampen mot sosialismen og arbeidarrørsla framfor å kløyva partiet i kampen mot nynorsken. Arbeidarpartiet ville sameleis samla partiet til kamp mot kapitalistane og for betre arbeidsvilkår og velferdsordningar framfor å kløyva partiet på målspørsmålet.

Dersom ein ser på forvaltningane av nynorsk og bokmål frå 1885 til i dag, slik Eli Bjørhusdal har gjort, er det stabiliteten som dominerer. Prinsippa for målval i grunnskulen er dei same i dag som i 1892. Reguleringane av målbruken i offentleg forvaltning er dei same i dag som i mållova i 1930, som den gongen bygde på ein praksis som hadde teke form gjennom fleire tiår. Sidemålsordninga byggjer på prinsippa frå lærarskulelova i 1902 og lov om høgre skular i 1907. Nøkkelordet i offentleg språkpolitikk i dag som i 1885 er *jamstilling* mellom bokmål og nynorsk. Dei språklege rettane for elevar på ungdomsstegene er like svake som dei alltid har vore. Skiftande regjeringar og fleirtal på Stortinget har hatt ein påfallande hang til å vidareføra dei eksisterande ordningane utan å gjera noko vesentleg med dei, same kva som måtte stå i partiprogramma.

Den viktigaste forklaringa på dette trur eg framleis er å finna i Rokkans analyse av konfliklinene. For dei to store partia i norsk politikk (Ap og Høgre) har målspørsmålet i lang tid vore underordna ei rekke andre saker. Bondepartiet og Arbeidarpartiet si praktiske løysing på målspørsmålet, samnorskpolitikken, viste seg etter krigen å skapa eit lurveleven utan like, og det gjekk ikkje mange år før Ap byrja å leita etter ein *annan* måte å få parkert målstriden på når den første hadde havaret – svaret var Vogt-komiteen i 1966 (språkfredskomiteen), som resulterte i ei konsolidering av stabiliteten. Dei to store partia har dessutan i tiår etter tiår vore avhengig av småparti som tykkjer dette med nynorsk er veldig mykje viktigare enn dei store. I dei ulike regjeringsamarbeida, både på høgre- og venstresida, har særleg sentrumspartia «fått» målspørsmålet. Det er ikkje mykje lengre som samlar sentrum i norsk politikk, men målspørsmålet gjer det. Sjølv høgst urbane ultraliberalistar i Venstre har lært at Venstre støttar nynorsken.

Dei to siste regjeringsperiodane har illustrert dette på framifrå vis. Det var nok ein del skepsis i målrørsla til dagens H/Frp-regjering i 2013. I tillegg til valfritt sidemål som Høgre har hatt i programmet no gjennom eit par tiår, hadde partiet òg teke inn eit punkt som jamvel kom inn i regjeringserklæringa, i motsetnad til sidemålpunktet som vart utelate der: «Erstatte dagens rett til å få svar på egen målform med en rett for ansatte i staten og språknøytrale kommuner til å bruke sin

egen målform.» Men iveren har ikkje vore særleg stor i regjeringspartia for å prøva å få gjennomført det. Sjanske i Stortinget hadde nok heller ikkje vore så store.

På slutten av førre regjeringsperiode var det derimot ein heil del styr, som eg vil tru mange har friskt i minne og ein del her var høgst aktive i – spørsmålet om å redusera talet på karakterar i norsk, altså i praksis fjerne eigen sidemålskarakter. Framleggset kom som kjent frå kunnskapsminister Kristin Halvorsen, SV og Oslo, men vart då stogga etter svært mykje mediemarksemd, internt opprør i SV og motstand frå Sp i regjeringa. Men også i Sp var det delte meiningar, etter geografiske skiljelinjer.

Éi viktig oppsummering å dra av dette, er at når målspørsmålet ikkje fell klart og tydeleg inn i skiljelinene mellom partia og heller ikkje har spesielt høg prioritet, vert personfaktoren di viktigare. Avgjerande både for at denne saka kom opp i det heile, var engasjementet til Kristin Halvorsen, og avgjerande for at ho vart lagt vekk (=forsøk) var engasjementet til Liv Signe Navarsete. Og Torbjørn Røe Isaksen har *ikkje* gjort noko med saka trass i at Høgre har programfesta valfritt sidemål – han vel òg sagt offentleg at han har viktigare ting å bruka tida på. (Som å slå saman høgskular.) Skal ein forstå sidemålsspørsmålet i norsk politikk dei siste åra, kjem ein ikkje langt ved å lesa partiprogram – då kjem ein lenger med å lesa Rokkan.

Ei anna side ved sidemålsstriden er viktigare om ein skal generalisera: den store offentlege interessa som gav Halvorsen bakoversveis. Den same frisyren fekk dei tre fylkesordførarane på Vestlandet etter at dei laga ein intensjonsavtale om Vestlandsregionen utan nynorsk, dvs. formelt med språkleg nøytralitet i fjor haust. Då NRK laga den heildags Vestlandssendinga si i november, var ho dominert av målspørsmålet, og dei aller fleste av dei mange hundre høyringsfråsegnene dreidde seg om det.

Kva er dette for noko?

Dei sentrale politiske miljøa, og særleg dei som primært opererer langs den økonomisk/funksjonelle konfliktaksen, som det meste av politikken trass alt dreiar seg om, har ein konsekvent tendens til å undervurdera kva som rører seg langs den territorielle/kulturelle-aksen, anten det gjeld målspørsmålet, ulv eller meir generell avmakt og misnøye med sentralmakta. Men reaksjonen kom denne gongen òg, tydelegast uttrykt gjennom bykset som Sp har gjort på meiningsmålingane. Gliset til Trygve Slagsvold Vedum er no på alle framsider, og det heile blir greitt forklart med at det i første rekke er Sp som fangar opp misnøya med regjeringa sine sentraliseringsreformer og (sjølvsagt) meir enkeltståande saker som denne ulven. Namnet til Rokkan byrjar å dukke opp i politiske analysar, og fleire peikar på likskapen med EU-kampen i 1994.

Dette er særstundt interessant, for det som ser ut til å skje no, er gamalt nytt i norsk politisk historie. Det er mønsteret frå 1880-åra, republikkrøystinga i 1905, forbodsrøystingane i mellomkrigstida og EU-røystingane i 1972 og 1994 som igjen heimsøkjer norsk politikk, altså Rokkans territorielle/kulturelle konfliktaksen. Det er i utgangspunktet godt nytt for målrørsla. Det er, som ein hovudregel, i dei periodane der konfliktlinene på den territorielle/kulturelle aksen har vore viktige, at det har vore lettast for målrørsla å få gjennomslag. Etter at konfliktlinene på den økonomisk/funksjonelle aksen vart dominante i mellomkrigstida, har dette berre unntaksvise skjedd, med 1970-åra og til ein viss grad tida kring førre EU-kamp som unntak. Det er ikkje alltid slik at nynorsken tener på at det kvesser seg til – det er berre å sjå på språkstriden i 1950-åra. Men jamt over har det vore eit større problem at det ikkje er nok interesse for målspørsmålet. Når partia skal velja sine saker som dei brukar tid og krefter på, står ikkje språkpolitikk langt oppe på lista i noko parti – det er forsvarskampane som utløyer det store engasjementet.

Kva bør målrørsla gjera?

(1) Debatten om det nasjonale: Ein ny kamp om det nasjonale og nasjonalisme ser ut til å vera under oppsegling. I 1990-åra var han utløyst internasjonalt av oppløysinga av Sovjetunionen og den heimelege EU-kampen. I dag er interessa for det nasjonale nøra internasjonalt av frihandelskritikk, skrantande tru på overnasjonal styring og innvandringsmotstand (Brexit og Trump). Det er meir snakk enn før om «norsk kultur». Somme hugsar kanskje den store debatten som Christian Tybring-Gjedde utløyste då han spurde dåverande kulturminister Hadja Tajik i Stortinget om kva ho meinte med «norsk kultur».

Her er det eit rom for å diskutera språkpolitikk, og uansett er det ikkje tilrådeleg å la andre ta seg av ‘det nasjonale’. Den historiske lærdomen om norsk nasjonalisme er at Noreg er i kategorien små statar med ei kolonial fortid der nasjonalismen historisk har vore eit venstrefenomen, knytt til folkestyre, desentralisering og anti-elitisme, og skepsis mot sentralmakta. Stormaktsnasjonalismen i land som USA, Storbritannia, Frankrike og Sverige har derimot i langt større grad vore eit høgrefenomen, historisk knytt til ekspansjonisme og gjerne ein type eksepsjonalisme – ideen om at nasjonen spelar ei særleg verdfull rolle i verda og verdshistoria.

Det er likevel ikkje sjølv sagt at mobiliseringa kring ‘det nasjonale’ i Noreg framover også vil vera av den liberale og antisjåvinistiske typen. Difor viktig å snakke om det nasjonale og delta i debatten om «norsk kultur» når han kjem opp.

(2) Ei tydeleg og medviten haldning til innvandringa: Her har Noregs Mållag framfor alt gjort mykje strålende arbeid dei siste åra med å få gjennom opplæring i nynorsk for innvandrarar. Framandfrykt har ikkje spela noka vesentleg rolle i «det nasjonale» i Noreg, særleg ikkje det målrørsla blir assosiert med. Hald fram slik! Flyktningkrisa i 2015 såg ei tid ut til å skapa ein heilt ny politisk situasjon. Men no er lokalavisene fulle av ordførarar som reagerer kraftig på at UDI legg ned asylmottak og dermed lokale arbeidsplassar, så no er dette øg kanalisiert inn i sentrum/periferi-aksen der sentralmakta tek ifrå bygdene asylsøkjarar (Namdalsavisa). Det er ikkje alt som er like lett å føresjå, men det verkar i allfall som at innvandringsmotstanden ikkje er spesielt framtredande i den norske varianten av Trump/Brexit-opprøret, om me skal kalla det det, og dessutan sit det partiet som vanlegvis har profittert på innvandringsmotstanden basta og bunde i regjering.

(3) Når rommet for å diskutera ‘det nasjonale’ og kulturelle spørsmål blir større, er det ingen andre enn målrørsla som kan fylla det med språkpolitikk. Meir debatt om ‘norsk kultur’ fører ikkje automatisk til større interesse for eller debatt om ‘norsk språk’. Men om det no stemmer at det er eit større rom for å diskutera språk og språkpolitikk, og særleg eit større rom for andre perspektiv enn dei som kjem frå sentrum og sentralmakta, er det kanskje tid for å vera meir offensive.

Som Isak Saba i 1890-åra fann inspirasjon i møtet med unge målfolk på lærarskulen i Tromsø og tok det med seg inn i arbeidet for samisk språk, er det all grunn til å bli oppløfta og inspirert av det som no skjer for samisk – dette hadde mållaget ein framifrå kronikk om på Samefolkets dag.

I internasjonal samanheng er nynorsk eit heilt normalt mindre brukt språk med heilt typiske mindretalsproblem i høve til det dominante språket. Jamstillingspolitikken var i ein fase særskilt viktig for å skape eit rom der nynorsk fekk moglegheit til å gå fram. Minussida er at jamstillingspolitikken fungerer som statleg ansvarsfråskriving der målvalet er delegert til lokalnivået og den einskilde språkbrukaren. Så opnar det seg eit større rom for å drive språkpolitikk, har målrørsla ein jobb å gjere med å få staten med på ein tydelegare og moderne språksikringspolitikk for nynorsk.

Litteratur (ufullstendig)

Bjørhusdal, Eli. (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885–2005*. Avhandling (ph.d.). Universitetet i Oslo.

Hoel, Oddmund L. (2011). *Norsk målreising. Mål og modernisering 1868–1940*. (Bd. 2). Oslo: Det Norske Samlaget.

Hoel, Oddmund L. (2012). Regjeringskrise på målsaka. *Mål og makt* (nr. 1), 36-38.

Mjeldheim, Leiv. (1984). *Folkerørsla som vart parti. Venstre fra 1880-åra til 1905*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rokkan, Stein. (1987). *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.



Høgskulen
på Vestlandet

Eit språkpolitisk tilbakeblikk

Vinterseminaret til Noregs Mållag

Bryne, 11. februar 2017

Oddmund L. Hoel

11. februar 2017

Innstilling fraa Ferubanekomiteen um Heustand for Byen Holmestrand med aa betala Aftiepengar i Vestfoldbanen.

(Sth. Prp. No. 50).

Til Storthinget.

Holmestrands Kommune tok Aktiar i Jarnvegen gjenom Vestfold for 171 200 Krunur og gjekk god for 148 800 Krunur, som var teiknaad av Private; ialt gav soleis Byen 320 000 Krunur til Jarnvegen. Dette var mange Pengar for ein By som ikkje er større og rikare enn Holmestrand, og det er ikkje underlegt, um det hev leitat paa aa betala dei.

Til no hev Kommunen betalat av sine eigne Aftiepengar	Kr. 117 380,00
For Private hev Kommunen utlagt	" 14 800,00

Ialt hev Kommunen betalat . . Kr. 132 180,00

Dei andre private Aftiepengarne er likeins greidde.

Endaa stend at:

Two Halvaarsterminar, som var forsalne iifor. Kr. 4 680,00

21 Hal

Præsidenten: Da nu ingen flere har forlangt Ordet, vil der blive at votere over, hvorvidt Komiteens Indstilling eller Hr. Horgens Forflag, der i det væsentlige er overensstemmende med den fgl. Prp., undtagen forsaavidt Summen angaar, skal lægges til Grund for Forhandlingerne. Der er fra tvende forskjellige Sider forlangt Navneopraab.

Fo
legg fo
paa seg

nat tili
Framle
Betalin

Do
Magistr
mannen


V o t e r i n g :

Med 76 mod 34 Stemmer besluttedes, at Komiteens Indstilling skulde lægges til Grund for Forhandlingerne.

De 76 Herrer var:

Odelstinget 1907

Røyster for/mot obligatorisk sidemålsprøve i gymnaset






Wollert Konow (FV)



Jens Bratlie (H)




Valen og rokkan 1974

Torgeir Vraa (Ap), trontaledebatten 31.10.1906

naar hr. udenrigsminister Løvland igaar sagde, at den største sag, som han nu synes var oppe, det var maalsagen, da viser det kun, hvorledes man anskuer de sociale forhold her i dette land idag. Maalsagen! Enten gryta skal skrives «gryta» eller gryden med «d» eller gryten med «t», er det dette, som er en hovedting, en stor sag? Jeg er maalmand forsaavidt, men jeg synes, at det utvilsomt er en større sag, om det norske folk kunde have nok mad i «gryta si,» end hvordan ordet skrives. Derfor altsaa — fordi ministeriet

Prosent nynorskelevar og nynorskkrinsar i folkeskulen





POLITISK ANALYSE

Styringselitens forestillinger om moderne byer og tilbakestående distrikter gjør at de feiltolker Sps og Frps gjennomslag, skriver Aslak Bonde.

«Solberg har denne uken gjort Trygve Slagsvold Vedum til hovedfiende. Det bør han juble over.»

Ft nytt ord er i ferd med å feste seg i den politiske debatten: «Trumpskvetting». Dersom en politiker

og elite, eller vi i Norge og de andre». Også her er mange kommentatorer og politikere enige, de har snakket om

Uke 48 – Mandag
28. november 1994

Nr. 276 – Årg. 105
Løssalg kr. 15,00

28.11.1994

INNSIDEN



Utfordring

Fatland-gruppen har bygd seg opp som Norges største private kjøttprodusent. Nå utfordres selveste bondeide Vestlandske Salgslag. Daglig leder Jan Ove Karlsen (bildet) i Fatland Borgen venter ytterligere vekst. Samarbeidet med Skjeggerød i Sandefjord kan gi full fusjon.

Side 5

På begge sider

Staten har bokstavelig tatt plassert seg på begge sider av bordet i rottssaker om kraftverksbeskratning. Den nye prosessordningen for skattesaker sier at staten skal føre slike saker. Men staten eier også Statkraft og Statnett, som er den sterste skatteyteteren på dette området.

Side 4

Innsidere

Innsiderne i shippingsselskapet Avilco handlet aksjer i better og spenn i en periode da det var forbudt. Styreformann Endre Ording Sund og direktør Arvid Grudekjøn solgte til sammen 54.000 aksjer i vinter. Kredittilsynet slår seg til ro med at selskapet har misforstått regelverket.

Side 19

ETTER BØRS

I teten

Sjirinovskij's råd: Stem nei

– Det norske folk har absolutt ikke noe å frykte fra Russland og bør si nei, sier Vladimir Volfovitsj Sjirinovskij. Den ekstreme russiske nasjonalisten håper at Norge står utenfor EU. – Ingen kan true Norge, og derfor skulle Norge ha et godt forhold til Russland. Jeg har et avslappet og vennskapelig forhold til Norge, til tross for at jeg hadde et problem med visum. Velgerne skulle ta sjansen på å stå utenfor, er Sjirinovskij råd til de siste EU-tvilerne. SIDE 7

– Våg å stå
utenfor, sier
han til DN



TOSIDIG: Vladimir Sjirinovskij fortrekker et Norge med tosiktig samarbeid med andre land. På bildet sammen med Dagens Næringslivs Arnstein Myrvang.



UDI-KRITIKK: Region Namdal, som består av ordførerne i Namdals-kommunene og Bindal og Osen, ber i en uttalelse om at UDI endrer vedtaket om nedlegging av Grong mottakssenter. På bildet er ni av ordførerne og en varaordfører, fra venstre: Stian Brekkvasselv, Olav Jørgen Bjørkås, Hege Nordheim-Viken, Amund Helleø, Bente Estil, Steinar Lyngstad, Hans Oskar Devik, Rune Wiik, Skjalg Åkerøy og Arnhild Holstad.

Reagerer på nedlegging av Grong mottakssenter

- Overraskende og nedslående

Ordførerne i Namdalen reagerer sterkt på at UDI har vedtatt å legge ned Grong mottakssenter. Nå har de sendt en krass uttalelse til UDI og Justis- og beredskapsdepartementet.

NAMSOS: – Det er svært overraskende og nedslående at UDI har besluttet å legge ned et veletablert mottak som har vært i drift i 20 år. Det burde heller vært vurdert å legge ned mottak i byer eller som er av nyere dato, sier Holstad.

sier Namsos-ordfører Arnhild Holstad som leder Region Namdal, samarbeidsforumet for ordførerne i Namdalen, Bindal og Osen.

En foregangskommune

I uttalelsen peker ordførerne på at Grong har vært en foregangskommune når det gjelder drift av asylmottak og bosetting av flyktninger.

– I Grong har de opparbeidet en uvurderlig kompetanse som verksommune og de har svært gode erfaringer med den desentraliserte måten å drive med

kompetanse som vil gå tapt om mottakssenteret blir nedlagt, sier Holstad.

Namds-ordførerne reagerer på at mottaket i Grong er det eneste i Midt-Norge som er besluttet nedlagt.

– Det er merkelig og høyst beklagelig at UDI velger å legge ned et veletablert mottak som har vært i drift i 20 år. Det burde heller vært vurdert å legge ned mottak i byer eller som er av nyere dato, sier Holstad.

En sentraliseringssiver

Arnhild Holstad og hennes kol-

tilfreds med det de betegner som en sentraliseringssiver.

– Vi har knapt opplevd maken til en slik nasjonal sentraliseringssiver. Det skal etableres store enheter, hvor arbeidsplasser og distriktskontor fjernes. Det betyr større avstand til både tjenester og avgjørelser. I Namdal kan vi merke dette ekstra sterkt. Vi må bruke alt for mye tid og ressurser på å kjempe mot endringer i stedet for å jobbe for ei positiv utvikling, sier Namsos-ordføreren.

I uttalelsen ber Region Namdal om at UDI reviderer be-

EIVIND KVAM
eivind.kvam@namdalsavisa.no
959 49403

Uttrykket «norsk kultur» i norske aviser

- › 2017: 238 (=> >2000 heile året)
- › 2016: 1179
- › 2015: 959
- › 2014: 950
- › 2013: 1846 (januar: 575, Hadja-debatten)

Uttrykket «Norsk språk» i norske aviser:

- › 2017: 91 (=> 800 heile året)
- › 2016: 679
- › 2015: 639
- › 2014: 701
- › 2013: 752

Erna Solbergs tale 6. februar 2017 – og kladd til ei ny

- > Mange samer har mistet sitt samiske språk, som følge av fornorskingspolitikken. Også her i de sørsamiske områdene har mange mistet språket.
- > I dag kan vi også takke mange ildsjeler i alle de samiske områdene – for at flere er i ferd med å ta tilbake sitt tapte språk, og at flere også velger å bruke språket i det daglige.
- > Bevaring og utvikling av de samiske språkene vil være en viktig oppgave i årene fremover. Samisk språkutvalg la frem sin rapport i fjor høst. Rapporten – som nå er på høring – legger et godt grunnlag for det videre arbeidet med de samiske språkene. Oppfølgingen av denne vil bli gjort i nært samarbeid med Sametinget.
- > Mange nordmenn har mistet sitt nynorske språk, som følge av bokmålspolitikken. Også her i randsonene har mange mistet språket.
- > I dag kan vi også takke mange ildsjeler i alle de nynorske områdene – for at flere er i ferd med å ta tilbake sitt tapte språk, og at flere også velger å bruke språket i det daglige.
- > Bevaring og utvikling av nynorsk språk vil være en viktig oppgave i årene fremover. Nå vil vi sette ned et språkutvalg for nynorsk som skal legge frem en rapport neste høst. Rapporten – som skal sendes på høring – må legge et godt grunnlag for det videre arbeidet med nynorsk språk. Oppfølgingen av denne vil bli gjort i nært samarbeid med målrorsla og nynorskommunene.